

Fra: Eirik Herdlevær Søyland (Eirik.Soyland@sjofartsmuseum.no)
Sendt: 24.02.2016 09:03:49
Til: Heidi Handeland
Kopi:

Emne: RE: Til uttale: Områdereguleringsplan for Sotrasambandet - framlegg til alternativ løysing for ny rv 555 på fylling/kulvert over Arefjordpollen

Vedlegg:

Vedr. Til uttale: Områdereguleringsplan for Sotrasambandet - framlegg til alternativ løysing for ny rv 555 på fylling/kulvert over Arefjordpollen. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 25.01. 2016.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Arefjordpollen i Fjell kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Det er gjennomført marinarkeologiske undersøkinger i området.

Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland
Marinarkeolog
55 54 96 02
marinarkeologi@sjofartsmuseum.no

From: Heidi Handeland [mailto:Heidi.Handeland@hfk.no]
Sent: Monday, January 25, 2016 12:33 PM
To: Bergens Sjøfartsmuseum
Subject: Til uttale: Områdereguleringsplan for Sotrasambandet - framlegg til alternativ løysing for ny rv 555 på fylling/kulvert over Arefjordpollen

Til uttale. Vi/de har fått denne til førehandsvurdering tidlegare no i januar, dette er den formelle høyringa. Vår frist er 4. mars 2016, vi ber om tilbakemelding noko tid før det dersom de har merknader i saka.

Venleg helsing

Heidi Handeland
spesialrådgjevar/arkeolog
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren
Tlf: 55 23 91 72 | Mob: 481 89 525
www.hordaland.no